




Statens vegvesen



Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:
2013/139703-002

Dykkar referanse:
201309381-1

Vår dato:
03.12.2013

Flomproblem på vegnettet rundt Bergen - oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag frå Samferdselsutvalet datert 25. november 2013, med omsyn til det kraftige regnværet i veke 46 som gav flomproblem på vegnettet rundt Bergen. Samferdselsutvalet stilte spørsmål til kva vi lære av varsling, beredskap og tiltak for å tømme vegnettet for vatn.

Statens vegvesen sender alltid flomvarsel til vår driftsentreprenør og ber de førebu seg optimalt på varsla flom. Arbeidet som entreprenøren set i verk er avtala i driftskontrakten. Vår driftskontrakt lister opp «kritiske» elvelaup, slukar og liknande som treng spesiell oppfølging heile året. Denne lista vert stadig utvida eller forbetra.

Førebuingarbeidet som driftsentreprenørene står for inneber å reinske framfor alle sluk/rister. Vidare kontrollerer dei kummer som er mest utsett. Til slutt førebur mannskapet seg på den varsla flommen. Dette vart også gjort i dette tilfelle.

Den aktuelle veka vart det i samband med regnværet loggført følgjande på Vegtrafikksentralen:

- Stengingen av Rv-582 Kringsjøvegen pga. oversvømmelse
- Redusert framkommelighet og nedsatt fart til 60 km.t i Ev-39 Fløyfjellstunnelen i retning mot Vågsbotn.
- Nedsatt hastighet og flomvarsel på Rv-580 Troldhaugtunnelen i retning mot Lagunen.

Generelt har driftsentreprenør ansvar for at vatn vert leia vekk frå vegen. Entreprenøren har i tillegg beredskap for skilting dersom vegar må stengast eller innsnevrast som følgje av ei slik hending. Dette betyr at entreprenør har funksjonsansvar for vegen døgnet rundt heile året.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen har ansvar for at vegane vert ivaretekne etter kontrakt med entreprenøren. Dersom entreprenør ikkje maktar å ivareta sitt ansvar, skal Statens vegvesen varslast.

Vegvesenet går gjennom slike hendingar i etterkant. Det vi kan gjere er å utbetre særskilte «svake punkt» som vert avdekka i slike ekstreme tilfelle, og eventuelt innskjerpe/sørgje for at entreprenør følgjer kontraktkrav. Dette gjeld både konstruksjonsmessige svakheiter med vegen og måten entreprenøren handterer flomsituasjonen når den har oppstått.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Kaisa Tonheim Banne